

KLAUS JOHAN MYRVOLL

## Ei uturvande lengjing av vokalen fyre burtfallen *h* etter *r* og *l* i nordisk

### 1 Innleiing

I ein del eldre litteratur um nordiske språk vert det rekna med ei sporadisk lengjing av vokalen fyre burtfallen urnordisk *h* etter *r* og *l*. Denne lengjingi skal vera gjennomført i visse ord, men ikkje i andre, der former med stutt og lang vokal skal finnast ved sida av kvarandre. Døme på det siste skal vera t.d. *fúra* f. ‘fura’ med lang *ú* attved *fura* < germ. \**furh<sup>w</sup>ōn-* og det skylde *fýri* n. ‘fureved’ med lang *y* attved *fyri* < germ. \**furh<sup>w</sup>ija-*. Adolf Noreen vigjer ein underparagraf til dette i *Altnordische grammatik* (1923, § 124.2), der han sluttar seg til ein del tidlegare studiar, serleg av Hugo Pipping (1914, 1921), som argumenterer for den sporadiske lengjingi og freistar å etablera reglar for når ho hender og ikkje. Målet med denne artikkelen er å granska det empiriske grunnlaget for Pipping og Noreens sporadiske lengjing ord for ord og syna at ho truleg aldri hev hendt i nordisk.

Av den nemnde underparagrafen i *Altnordische grammatik* gjeng det fram at det vanlegaste ved burtfall av urnordisk *h* etter *r* og *l* er at vokalen ikkje vert lengd, jf. norr. *fjor* n. ‘liv’ < germ. \**ferh<sup>w</sup>a-*, *for* f. ‘(plog)før’

---

Myrvoll, K. J., Ph.D. in Old Norse philology, University of Oslo. “A superfluous lengthening rule concerning the vowel before lost *h* after *r* and *l* in Nordic”. *ANF* 130 (2015), pp. 5–32.

**Abstract:** In earlier scholarship on the older Nordic languages, it has been common to allow for a sporadic lengthening of the vowel before a Proto-Nordic *h* that is lost after *r* and *l*. This is supposed to be a case of so-called compensatory lengthening, where the lengthening of the vowel is caused by the loss of the consonant. This process is thought to have been carried through consistently in some words (e.g., *sviri*, *fóli*), but only optionally in others (e.g., *fural*/*fúra*, *fyri*/*fýri*). Important exponents for this view were the philologists Hugo Pipping and Adolf Noreen. Through a thorough examination of their evidence, based in particular on Old Norse metre and manuscript readings, this article argues that the lengthening rule is superfluous and uneconomical, and that this type of compensatory lengthening, caused by a consonant that was not adjacent to the vowel, most likely never took place in the older Nordic languages.

**Keywords:** vowel length, compensatory lengthening, Proto-Nordic, Old Norse, Old Norse metre.

DOI: <https://doi.org/10.63420/anf.v130i.27698>

< \**furhō-*, *marr* m. ‘hest’ < \**marhā-*, *þverr* adj. ‘tverr’ < \**þwerhā-*, *fela* vb. ‘løyna’ < \**felhan-*, *melr* m. ‘grus- el. sandbanke’ < \**melhā-*, *selr* m. ‘sel’ < \**selhā-* (germanske former etter de Vries 1962, s.vv.). Ein tilsvarende vokster fær ein òg ved burtfall av urn. *w*, t.d. *svala* f. ‘svòla’, obl. *svōlu* < \**swalwōn-* (Bjorvand og Lindeman 2007, s.v. *svale*). Dei formene Noreen meiner skal syna lengjing av vokalen fyre burtfallen *h* etter *r* og *l*, er ikkje like godt etablerte som dei nyst nemnde utan slik lengjing. Forutan *fúra* og *fýri* dreiar det seg um eit par norrøne ord som skal vera yverleverte einast med lang vokal, d.e. *svíri* m. ‘nakke’ og *fóli* m. ‘tjuvgods’ (til det nemnde verbet *fela*), dessutan nokre ord som i serhøve skal vera yverleverte med lang vokal attved vanleg stutt, d.e. *válr* pl. (attved *valir*) ‘keltarar’, *ǫr* f. (attved *ǫr*) ‘pil’ og *fírar* pl. (attved *fírar*) ‘menn’. Endeleg nemner Noreen nokre døme frå stadnamn, m.a. norr. *Áll* attved gsv. pl. *Alir*, og døme frå moderne nordiske språk. Me skal sjå meir detaljert på alle Noreens døme nedanfor.

Noreen (*loc.cit.*) skildrar den prosessen som skal ha ført til former som *fúra* og *fýri* som at vokalen vart lengd *f y r s t*, og at *h*-en so fall seinare, jf. formuleringi hans: “Vor *rh* und *lh* (woraus später *r*, resp. *l*, s. § 230) findet sporadisch dehnung statt”. Det er svært lite trulegt at voksteren skulde ha gjenge fyre seg på denne visi. Meir rimelegt vilde det vera å rekna med at lengjingi av vokalen kom som eit resultat av at *h*-en fall burt, ei sokalla “vederlagslengjing” (ty. *Ersatzdehnung*, eng. *compensatory lengthening*). Faktisk var kjelda til Noreen, Hugo Pipping, av den meiningi, sjå meir nedanfor.

Men ogso vederlagslengjing er i desse tilfelli problematisk sét frå eit teoretisk synspunkt. Tanken attum umgripet “vederlagslengjing” er at lengjingi kjem som eit vederlag, ein kompensasjon, for det burtfalne elementet, og dette elementet som fell burt (oftast ein konsonant), er som regel i direkte kontakt med vokalen som vert lengd. Døme på slik vokster er germ. \**gans-* > norr. *gás* f. ‘gås’ eller geng. *mægden* > *mæden* f. ‘møy’. De Chene og Anderson 1979 hev jamvel hevda at konsonanten som fell burt, all t i d stend like etter vokalen når det vert vederlagslengjing, og at “vederlagslengjingi” i røyndi er ein fonetisk prosess der konsonanten fyrst vert redusert til ein glideljod for so å verta gløyppt av vokalen, som då vert lang. Denne siste tilgonga analyserer dei som ei monoftongering (“monophthongization”, s. 508). Um de Chene og Anderson skulde ha rett i teorien sin, vilde det vera lett å avvise dei hevda lengjingane av vokalen fyre burtfallen *h* etter *r* og *l*: I ein vokster som germ. \**furh<sup>w</sup>ōn-* > norr. *furalfúra* er elementet som fell burt, ein *h* (av eldre *h<sup>w</sup>*), ikkje i direkte kontakt med vokalen, og me skulde ikkje venta vederlagslengjing.

No hev de Chene og Anderson vorte kritiserte både for den fonetiske uttydingi av vederlagslengjingi og for påstandet um at elementet som fell burt, alltid må standa i direkte kontakt med vokalen som vert lengd. Både Hock (1986) og Hayes (1989) peikar på døme frå ulike språk på at vokalen skal ha vorte lengd ogso når elementet som fell burt, stend lenger bak, t.d. vokalen i kyrkjeslavisk *bógŭ* > fyrr-serbokroatisk *bôg* [bóog] ‘gud’ (Hock 1986: 435) eller millomengelsk *tale* [talə] > [ta:l] ‘forteljing’ (Hayes 1989: 266) og konsonanten i akkadisk *\*mil’um* > *mīlum* ‘flod’ (Hock 1986: 439) eller jonisk græsk *\*odwós* > *οὐδός* ‘treskel’ (Hayes 1989: 265). Serleg Hayes legg vekt på at vederlagslengjingi er knytt til stavingsstrukturen i dei einskilde språki, og at sameleis som den kann variera (t.d. i kva stavingstypar som kvalifiserer for tung og lett staving), kann òg reglane for vederlagslengjing variera frå språk til språk:

The syllable-forming rules for an individual language may specify that empty prosodic positions [= d.e. hòl etter burtfalne element] are syllabified by spreading from the preceding vowel (as in Latin and most dialects of Ancient Greek); or from the following consonant (as in Lesbian and Thessalian Greek); or not at all (as in Finnish); or even variably, depending on whether the following consonant is allowed as a geminate, as in Tiberian Hebrew. (Hayes 1989: 264)

Med andre ord vert det eit empirisk spursmål kva reglar som gjeld i dei einskilde språki, t.d. i nordiske språk. Her skal me avgrensa oss til å sjå på burtfallet av urnordisk *h* etter *r* og *l* og vurderer om det er naudsynt å rekna med (sporadisk) lengjing av vokalen. At lengjingi skal vera sporadisk og dessutan kunna ymsa innanfor eitt og same ord (som i *furalfúra*), gjer ein skeptisk. Hayes er klår på at vederlagslengjing er ein mogeleg effekt av konsonantburtfall, men ikkje ein naudsynt effekt i dei språki som hev fenomenet, men synest ikkje å rekna med at det skulde kunna ymsa i elles like umgjevnader. Det mest økonomiske vilde difor vera å avvise lengjingi heilt og halda på at burtfall av konsonanten utan kontakt med vokalen ikkje fører til vederlandslengjing i eldre nordisk. Men det lyt som sagt avgjerast empirisk.

I gjenomgangen av dei ymse formene som skal ha fenge lengd vokalen, viser Noreen framfor alt til Hugo Pipping. I tvo arbeid freista Pipping å etablere reglar for når det vart lengjing og ikkje i denne typen ord (Pipping 1914, 1921). Hovudregelen han sette fram, var at *h* fall med vederlagslengjing av vokalen um konsonantsambandet (*lh*, *rh*) stod millom tvo stutte sonantar (vokalar og halv vokalar) (Pipping 1921: 29). Soleis skulde

t.d. urn. nom. sg. \**furhu* ljdrett gjeva nsv. *fūr* f. ‘fura’ med vederlagslengjing, men gen. sg., nom.-akk. pl. \**furhōr* gjeva \**forar* eller \**furar* (i norr., gsv., gda. *for* ‘fòr’) utan vederlagslengjing (Pipping 1921: 40). Endeleg skulde formi nsv. dial. *fōr* ‘fura; fòr’ ha kome upp ved analogisk utjamning: “Medan nsg lydde \**fūru* og pluralen \**forhār*, kunde man till denna plural nybilda singularen \**forhu* > *fōr*” (*op.cit.*, s. 41). Av dømet ser me at Pipping òg rekna med ulikt tidspunkt for burtfallet av *h*-en i dei tvo posisjonane (tidlegare der han stod millom tvo stutte vokalar enn der han stod millom vokalar av ulik lengd). Eit anna døme: For å tyda ut variasjonen millom nsv., nno. *snar* og nsv., nno. *snār* n. ‘kjørr’ rekna Pipping med at det på eit visst tidspunkt hadde heitt \**snarha* i eintal, men \**snāru* i fleirtal med vederlagslengjing (av eldre \**snarhu*); so skal *h*-en i \**snarha* seinare ha falle utan vederlagslengjing, soleis at ein fekk \**snar*, medan eintalsformi *snār* “kan hava oppkommit genom att \**snarha* under inverkan av \**snāru* blev till \**snārha* > \**snār*”; fleirtalsformi \**snāru*, derimot, skal etter Pippings mening ljdrett ha gjeve pl. \**snōr* (*op.cit.*, s. 50), med yvergang av (nasal) *ō* (u-ljodbrigd *ā*) til *ó* i stoda etter nasal, jf. Noreen 1923, § 116.

Ved å rekna med so mange ulike reglar for ljdvoksteren, og ved å kombinera deim med ulik kronologisk gjennomføring etter umgjevnadene – og attpåtil rekna med ein god del analogi –, segjer det seg sjølv at Pipping kunde tyda ut mest kva døme som helst han fann på skiftande vokalkvantitet og -kvalitet i nordiske språk. Problemet med denne typen ljdhistoriske og analogiske resonnement er at dei ikkje lèt seg prova, og at dei dessutan er uøkonomiske. Fleire, serleg svenske forskarar, hev då òg peika på det problematiske ved Pippings reglar, m.a. Fries (1957: 191 f., note 2), Elmevik (1980: 196 f.), Strid (1981: 68 ff.) og Tjäder (1982: 189 f.). Til dømes skriv Tjäder (*loc.cit.*) um Pippings hovudregel at “[d]et är en ljudregel som inte känns särskilt naturlig, och jag undrar om inte Pippings teorier är i behov av en grundligare översyn än de hittills har utsatts för”.

Målet med denne artikkelen er ikkje å koma med ein revisjon av Pippings reglar, men å syna at dei er uturvande. Ein gjennomgang av det empiriske grunnlaget for Pipping og Noreens sporadiske vederlagslengjing av vokalen fyre burtfallen *h* etter *r* og *l* syner nemleg at det er utifrå spin-kelt. Det mest økonomiske er difor – i samsvar med den typologiske hovudregelen – å avvisa at slik vederlagslengjing hev kunna henda i det heile teke, og då vert det heller ikkje naudsynt å setja upp reglar for når vederlagslengjing hende og når ho ikkje hende.

## 2 Å etablera vokallengd i norrønt mál

Det er eit velkjent faktum at norrøne handskrifter ikkje hev noko gjennomført system for merkjing av vokallengd. Aksenteiknet (t.d. <á>) stend gjerne yver lange vokalar, men aldri konsekvent og oftast i eit mindretal av dei potensielle tilfelli, og det hev òg andre funksjonar, som til dømes å skilja grafisk like bokstavar frå einannan (serskilt ved *i*) eller å skilja kvalitativt ulike ljodar (t.d. /o/ og /q/) (for meir um dette sjå Lindblad 1952). I arbeidet med å fastsetja lengdi på vokalane i norrøne ord hev difor forskarar sidan byrjingi av 1800-talet vore nøydde til å stydja seg på andre kjeldor. Ei viktug retningslina hev naturleg nok vore jamføring med kvantitets- og kvalitetstilhøve i seinare nordiske mál, ikkje minst islensk, der ulik kvalitet gjerne speglar eldre kvantitetsskilnad. Ogso komparativ evidens frå andre germanske mál hev i nokon mun kunna dragast inn.

Yverlag viktug – viktugare enn mange nolevande forskarar er klare yver – for utgreiding av kvantitetstilhøve i norrønt mál hev skalde-diktingi vore. Dei strenge reglane i skaldeversemåli gjer det i mange tilfelle mogelegt å avgjera um ei staving, og med den ofte vokalen, er lang eller stutt. Til dømes er det ein regel i flestalle norrøne versesmål at eit tvostava ord med lang fyrste staving, som *rúnar* ‘runor’, fyller tvo metriske posisjonar i verset, medan eit tvostava ord med stutt fyrste staving, som *runar* ‘galtar’, fyller berre éin posisjon, med det som vert kalla oppløysing (tvo stavingar der den fyrste er stutt, stend i staden for éi lang). Dessutan er innrimet, og serleg heilrimet i jamne vers, viktugt for å etablera kvantiteten i mange ord. Her var det eit krav til rimstavingane at dei skulde ha same både vokal- og konsonantkvantitet.

Men skaldeversemåli hev òg sine avgrensingar. I visse metriske posisjonar er opposisjonen millom stutt- og langstava ord nøytralisert, og då kann tvostava ord med stutt fyrste staving fylla tvo posisjonar etter serskilde reglar. Når det gjeld rimet, er det ikkje i alle høve og i alle omgjevnader at dette vert respektert like strengt. Ein må difor vera varsam med å draga slutningar um kvantiteten i norrøne ord ut frå skaldevers um ein ikkje kjenner alle reglane og er fortruleg med sjølve den poetiske tradisjonen. I denne artikkelen skal me sjå fleire døme på at mistydingar av reglane for norrøne versesmål hev vore nytta til å byggja upp under den hevda sporadiske vokallengjingi fyre burtfallen *b* etter *r* og *l*.

### 3 Gjenomgang av Noreens empiri

Som alt nemnt meiner eg at Pipping og Noreens sporadiske vederlagslengjing av vokalen fyre burtfallen *h* etter *r* og *l* kviler på eit spinkelt empirisk grunnlag. Nedanfor skal eg taka fyre meg alle dei dømi Noreen gjev i grammatikken sin på at vokalen skal ha vorte lengd i denne stoda (Noreen 1923, § 124.2), og syna at dei ikkje held mål eller i minsto ikkje er eintydige. Pipping hev nokre fleire døme enn Noreen, men dei Noreen gjev i grammatikken sin, synest å vera dei sterkaste kandidatane. Eg tek dømi i ei litt onnor rekkjefylgd enn hjå Noreen, men byrjar som han med dei sentrale *fura/fúra* og *fyri/fýri*.

#### 3.1 Norr. *fúra* f. (attved *fura*) ‘fura’ og *fýri* n. (attved *fyri*) ‘fureved’

Ordi *furalfúra* f. ‘fura (treslag), *pinus silvestris*’ og *fyri/fýri* n. ‘fureved, fureskog’ er dei tvo fyrste Noreen fører opp som døme på den sporadiske vokallengingi fyre burtfallen *h* etter *r* og *l*, og det er òg ved desse ordi at provi på formene med lang vokal er sterkast og mest mangfaldig. Dessutan illustrerer desse ordi vanskaner med å etablera vokallengd i norrønt mål sers godt, og eg kjem difor til å nytta mest plass på deim og mindre plass på dei hine ordi Noreen nemner, der provi ofte er av eit meir avgrensa slag, i verste fall nokre fåe fyrekomstar i éi einskild norrøn handskrift.

Sermerkt for *fura* og *fyri* er òg kor sterkt gjennomslag dei alternative formene med lang vokal, *fúra* og *fýri*, hev fenge i ordbøkene og i den etymologiske litteraturen. Alt hjå Hægstad og Torp (1909) finn me både *fura* og *fúra*, men berre *fyriskógr*. Heggstad (1930) hev både *furalfúra* og *fyri/fýri*, men berre *fyriskógr*. Desse formene gjeng att i alle seinare utgåvor av denne ordboki (Heggstad *et al.* 1975, 1990 og 2008). Av andre ordbøker kann nemnast at Cleasby-Vigfusson (1874) hev *fura*, men *fýri* (og *fýri-skógr*), medan Fritzner (1886–96) berre hev *fura* og *fyriskógr*. I dei etymologiske ordbøkene ymsar det kva former som vert oppgjevne: Falk og Torp (1910) fører opp både *fúra* og *fýri* (s.vv. *furu* og *fyr*), Torp (1919) hev *fúra*, men berre *fyri* (s.vv. *fura* og *fyre*), de Vries (1962) hev *fura*, *fúra*, men berre *fýri*, og Ásgeir Blöndal Magnússon (1989) hev alle formene, men med kross fyre *fúra*, etter di det heiter *fura* i nyislensk. Ingi av desse etymologiske ordbøkene freistar å tyda ut den skiftande vokallengdi.

Det gjer derimot Bjorvand og Lindeman (2007), som fører no. *furu* og

dei andre nordiske formene (norr. *fural/fúra*, gsv. *fural/fora*, nisl., fær, sv. *fura*) attende på germ. \**furh<sup>w</sup>ōn*- f. og presiserer at “[d]et seinere bortfallet av \**h<sup>w</sup>* har til dels ført til forlengelse av \**u* > norr. -*ú*-”. Som eg alt hev vore inne på, er dette i røyndi ein tvilsam ljodvokster, for burtfall av konsonant etter annan konsonant plar ikkje føra til lengjing av vokalen fyre i norrønt mål, jf. dei mange dømi på det motsette ovanfor.<sup>1</sup> Det er heller inkje i den seinare voksteren av ordi *fura* og *fyri* i nordiske mål som peikar mot gamal lang vokal i desse ordi; dei moderne nordiske måli hev alle former som må tydst ut med gamal stutt vokalisme. Det gjeld t.d. den vanlege austnorske formi *furu*, der *u*-en i endingi er resultat av “jamvekt” i gamle stuttstava ord, og former som *fúra*, *fora* i andre målføre, der vokalen svarar til gamal stutt *u*, sjå vidare hjå Aasen 1873, s.v. *Fura* (*u*’), og i NO, bd. 3, sp. 1045 f. Likeins er det avleidde ordet *fyre* n. berre funne i former som gjeng attende på gamal stutt *y* i norsk (Aasen 1873, s.v. *Fyre* (*y*’); NO, bd. 3, sp. 1134). Det same gjeld der desse ordi er nytta som gardsnamn, t.d. *Fure* i Askvoll, Stryn og Steigen (NG XII, s. 251, 513; XVI, s. 256), *Fyri* på Nes på Romerike (NG II, s. 345), *Føre* i Søgne (NG IX, s. 49), *Føri* i Overhalla (NG XV, s. 308). Ei onnor avleiding til *fura* skal ligga til grunn for bygdenamnet *Fyresdal* (“i Fyrisdale” 1342), d.e. eit opphavlegt usamansett namn \**Fyrir* på Fyresvatnet. Her òg peikar uttalen tydeleg attende på opphavleg stutt *y*, /<sup>1</sup>førs,da:l/ (NSL, s.n. *Fyresdal*).

Spursmålet vert so: Kvar skriv den lange vokalismen i *fúra* og *fýri* seg frå? Det viser seg at desse formene i siste instans gjeng attende på ei strofa av Arnórr jarlaskáld, *Hrynþenda* 10 (ca. 1045), som i den nye skaldediktsutgåva hev fenge denne normaliseringi (her hermer eg berre fyrste helmingen):

Ljótu dreif á lypting útan  
lauðri – bifðisk goll it rauða –  
– fastligr hneigði fúru geystri  
fýris garmr – ok skeiðar stýri. (*SkP* II, s. 195)

Dette tyder (etter *SkP*): “Det stygge skumet spruta inn yver lyftingi og roret på skipet. Det raude gullet riste. Den kraftige vinden (*fýris garmr*) støytt det raskgjengde skipet (*fúru*).” Strofa er yverlevert i saga um Magnus den gode i *Heimskringla*, *Hulda–Hrokkinskinna* og *Flateyjar-*

<sup>1</sup> Her må det nemnast at det var på spursmål frå Harald Bjorvand at eg byrja etterrøkjingane som munna ut i denne artikkelen. Bjorvand mistenkte at formene *fúra* og *fýri* var ukorrekte, og vilde um mogeleg vera viss på det fyre han tok deim ut or neste utgåva av *Våre arveord*.

*bók*. *SkP* fylgjer nokso nøgje hovudhandskrifti til *Heimskringla*, som er Ásgeir Jónssons avskrift av *Kringla* frá siste fjordungen av 1600-talet (*Kringla* gjekk som kjent tapt i branden i København i 1728). Finnur Jónsson hev i si utgåva (*Skj.* B I, s. 308) gjort nokre tekststrettingar etter andre handskrifter, m.a. *fastliga* for *fastligr* (som fører til éin metrisk posisjon for mykje) og *glæstri* ‘strálände’ for *geystri* ‘raskgjengd’, og han emenderer *goll it rauða* til *golli rauðu*, men desse endringane påverkar ikkje tolkingi av samanhengen som ordi *fúru* og *fýri* stend i; den er grunnleggjande sét den same i bae utgávone: *fúru* er nytta i tydingi ‘skip’ og er dativobjekt for verbet *hneigði* ‘bøygde’, her: ‘støytte, dreiv’, medan *fýris garmr* er subjekt og vindkenning: ‘furetre-hunden’. Dette er ein konvensjonell kenningtype der vinden vert jamført med eit bitsk dyr (hund, ulv), medan utmerkjingslekken (her *fýris*) nemner det som den skadande handlingi retter seg mot, som for vinden helst er tre og buskor (jf. Meissner 1921: 102). Med andre ord er det vandt å lesa noko anna ord enn *fyrifýri* n. ‘fureved, fureskog’ her.

Både Finnur Jónsson og den nye *SkP* normaliserer dei aktuelle ordi *fúru* og *fýris*. Dette synest å koma av ei tru på at versemålet, som er hrynhent, krev lang fyrste staving i dei posisjonane desse ordi stend i, d.e. i fyrste til andre og tridje til fjerde posisjon. Attåt kjem for *fýris* fullrimet (aðalhendingi) med *stýri*, jf. at Finnur Jónsson i *Lex.poet.* skriv s.v. *fýri*: “vokalen rimbestemt: *stýr-*”.

Versemålet hrynhent er minder utforska enn det langt vanlegare og eldre dróttkvætt-versemålet, men alt Eduard Sievers (1885: 533) peika på det serskilde tilhøvet at næst siste (d.e. tridje) “fot” i hrynhent kann vera fylt av eit stuttstava ord (metrisk  $\cup \times$ ) utan at det er vege upp med ei staving med sidetyngd (bitrykk) i posisjonen fyre, som er regelen for slike stavingar i dróttkvætt (Sievers’ type A2k). Det kann jamvel vera tvo slike stuttstava versfeføter etter einannan i hrynhent, når fyrste versfefot er fylt av eit ord med sidetyngd, t.d. *unnviggs skipuðr Dönum sunnan* (Sturla Þórðarson, *Hrynhenda* 3.2; *SkP* II, s. 679). Dette er òg nemnt i standardverket åt Sievers, *Altgermanische metrik* (1893, § 67, Anm. 2), so ein skulde tru at Finnur Jónsson hadde fenge det med seg.<sup>2</sup> Og um ikkje det skulde vera nok, er det heile tri døme på denne ovringi i den andre helmingen av strofa som er utgangspunktet for diskusjonen her (*Hrynhenda* 10):

<sup>2</sup> Regelen er òg nemnd av Hans Kuhn (1983: 338), av Diana Whaley (1998: 84, 92) og i innleidingi til *SkP*, bd. I, s. lxi. Whaley normaliserer likevel til *fúru* i sjølve teksti (*op.cit.*, s. 162). Ho er òg den som hev redigert Arnórs poesi for den nye skaldediktsutgåva (*SkP*), der det sameleis stend *fúru*.



Stirðum helzt umb Stafangr norðan  
stólum – bifðusk fyrir álar –  
– uppi glóðu élmars typpi  
eldi glík – í Danaveldi. (*SkP* II, s. 195)

Her hev både *Stafangr*, *fyrir* og *Dana-* stutt fyrste staving. Rett nok les Finnur Jónsson (*Skj.* B I, s. 308) andre verset her onnorleis enn *SkP*, i det han i “fyrir álar” i handskriftene les det same ordet *fýri* som i fyrre helmingen, som han so set til *stólum* lenger framme i same verset, *fýri-stólum* “stavne”, men det er uturvande, då *stál* n. áleine tyder ‘stamm’, jf. *Lex. poet.*, s.v. Dessutan fører tolkingi at Finnur til at verset vert kløyvt upp på ein heilt utruleg måte, der annakvart ord høyrer i hop: “stólum, bifðusk, fýri-, álar”, d.e. oppløyst “... fýri-stólum ...; álar bifðusk”.

Det er med andre ord ikkje naudsynt å rekna med lang vokal i *furu* i denne strofa av Arnórr; det tridje verset skal etter alt å døma lesast *fastligr hneigði furu geystri*. At denne lese måten må vera den rette, vert styrkt av dei andre dømi på ordet *fura* i skaldediktingi, som eg kjem til nedanfor. Men kva med *fýris* i neste vers? Her synest grunnane for den lange vokalen å vera sterkare, ikkje minst på grunn av innrimet med *stýri*. I aðalhending stend i norrøn dikning normalt berre ord med både lik kvalitet og lik kvantitet på vokalen, og det ser òg ut til å gjelda i hrynhent (eg ser då burt frá at visse skilnader i kvaliteten kunde undertrykkjast, som opposisjonen millom lang oral og lang nasal og millom /a/ og /q/, jf. Hreinn Benediktsson 1963). Det er heller ikkje mogelegt for eit tvostavingsord med stutt fyrste staving å fylla fyrste versfot i hrynhent; slike måtte verta kompenserte for med umfram utyngd staving, som i *hofuðskjöldunga fimm at gjöldum* (Markús Skeggjason, *Eiríksdrápa* 9.4; *SkP* II, s. 441), eit døme på Sievers’ type D. Elles kunde slike ord standa i tridje versfot, der dei var løyvde, eller i andre versfot dersom fyrste versfot var fylt med eit ord med sidetyngd. Lesemåten *fýris* i denne strofa av Arnórr synest soleis å vera sikra. Den einaste handskriftvarianten er “fyrriis” or *Flateyjarbók* (*SkP* II, s. 195), som i tillegg til å vera sein gjev dåleg meining og heller ikkje nokor fullgod aðalhending med *stýri*.

Ein kunde tenkja seg at ordet *fýri* i dette verset av Arnórr hadde formi *\*fyrvi*, som i samsvar med etymologien (urn. *\*furbwija-*, sjå meir nedanfor) må ha vore den eldre formi av dette ordet i norrønt mál, jf. at det finst slike eldre og yngre former som *tyrvi* ~ *tyri* n. ‘feit fureved’ < urn. *\*tirwija-*. Det vilde løysa det metriske problemet ved at fyrste staving vart lang, men det er lite trulegt at eit rim som *fyrvi* : *stýri* vilde passera. Alt frá den eldste diktingi var det eit krav til aðalhendingi at vokalen i dei tvo rimordi skulde vera like lang, og jamvel i skothendingar er det uvan-

legt at vokalar fyre einfeld konsonant, som her, er av ulik lengd (men det finst døme i den eldste diktingi, serleg i *Haustløg* av Þjóðolfr ór Hvini, jf. Kuhn 1983: 81). Attåt kjem det at alle andre døme på dette ordet i skaldediktingi – som rett nok ikkje er so gamle som det hjå Arnórr – syner eintydig stutt fyrste staving, d.e. *fyri* (sjå nedanfor).

Bjarni Aðalbjarnarson normaliserer (i *ÍF* XXVIII, s. 34) både *furu* og *fyris* i denne strofa med stutt vokal, med ein merknad um at fyrste staving i *fyris* burde vera lang, og at *fyris* kann vera “skáldaleyfi” ‘licentia poetica’. I so fall må me tenkja oss at Arnórr *ad hoc* hev laga eit avbrigde av ordet *fyri* med lang vokal berre for å få det til å høva inn i verset. Noko som kann ha motivert ei slik endring, er det fine spelet med etymologisk motsvarande uttrykk for subjektet, *fyris garmr* – vinden –, og objektet, *furu* – skipet –, i setningi; dei tvo ordi fyller di meir tvo av dei tri stavrimande posisjonane i verseparet, og den fyrste allitterasjonen fell på adjektivet *fastligr*, som venteleg stend til *fyris garmr* (soleis i analysen i *SkP*), soleis (‘ for tyngd posisjon, ’’ for tyngd posisjon med stavrim):

– “fastligr ‘hneigði’ ‘furu’ ‘geystri’  
 ‘fyris’ ‘garmr’ – ok ‘skeiðar’ ‘stýri.’

Faktum er at det vilde vera uråd å inkludera det allittererande paret *furu* : *fyris* (*garmr*) dersom Arnórr skulde fylgja dei metriske reglane og samstundes ikkje fløkja til syntaksen; versemålet hev rett og slett berre plass til eitt av desse stuttstava, allittererande ordi, d.e. i tredje verset, då eit nominaluttrykk som *fyris garmr* krev metrisk tyngd på bae lekkene (som i det faktiske verset ovanfor). Kann det rett og slett vera at Arnórr hev falle for freistingi å tøyja reglane for kvantiteten i språket for å måla fram dette bilætet av “furetre-hunden” (vinden) som bøygjer “fura” (skipet)? Eg trur det, jamvel um ei slik metrisk lengjing vert, so vidt eg veit, utan sidestykke i norrøn dikting.<sup>3</sup> Når eg likevel vel å tru at det må ha vore soleis, er det av di alternativet er so mykje dålegare: å rekna med at det fanst normalspråkelege parallellformer til *fyri* og *fura*, d.e. *fyri* og *fúra*. Den løysingi valde Konráð Gíslason (1877: 45 ff.), som argumenterte for

<sup>3</sup> I Sigvats *Vikingarvísur* 6 finst noko som likjest: *Súðvirki lið búðir*, der *Súðvirki* er stadnamn og svarar til dagens *Southwark* i London. Fyrellekken her svarar til norr. *súðr*, som hev stutt vokal, og me kunde soleis ha venta formi \**Súðrvirki*, men rimet syner at Sigvatr hev meint at namnet skulde ha lang *ú*. Det høver med at gamalengelsk hev formi *sūð*, og ein hev gissa på at det er denne engelske formi som ligg til grunn for namneformi hjå Sigvatr (sjå meir um dette i *SkP* I, s. 544). Likevel er ikkje dette heilt parallelt til *fyri* ~ *fyri*, då skiftingi i dette tilfellet involverer eit anna språk (gamalengelsk) og gjeld eit stadnamn, der ein òg kann ha vore uviss på tydingi/etymologien og koss det skulde tilmátast i det heimlege språket.

desse formene just med utgangspunkt i verset ovanfor. Etter di han synest å vera den som hev grunngeve desse formene nøgnast, vert det naudsynt å ganga inn på argumentasjonen hans.

Nokre av argumenti åt Gíslason stend ikkje serleg sterkt, t.d. meiner han at utgjevarane av *Fornmanna sögur* (*Fms*, bd. VI, s. 48) skal ha normalisert til *fýris ... stýri* “sikkert ikke alene af hensyn til rimet (...), men lige så meget i følge en dunkel traditionel følelse” (s. 45). Denne “følelse” skal venteleg hanga saman med det han skriv i framhaldet um at inkjekynsord av typen *fyri* (d.e. nøytrale (*i*)*ja*-stomnar) “næsten udelukkende” hev lang fyrste staving. Gíslason nemner rett nok sjølv nokre undantak til dette frå skaldediktingi: *greni* ‘grantre’, som han avviser som “af nyere oprindelse”, *viði* (i *smáviði* ‘småskog’) og *píli* ‘bordkledning; tile, golv’ (i *hnigpíli* ‘rørlegt brett’); um ikkje anna skulde desse undantaki syna at *fyri* ikkje er umogelegt. Når det finst so fåe stuttstava (*i*)*ja*-stomnar på *-i*, heng det sjølvstakt saman med reglane for synkopen: Etter stutt staving hadde suffikset avbrigdet *-ja*, som ljodrett fall burt (etter evt. å ha valda *i*-ljodbrigde), jf. *\*kunja* > *kyn* n. (sjå meir hjå Skomedal 1980: 123). Stuttstava inkjekynsord på *-i* i norrønt mál må soleis anten vera analogiske etter dei langstava eller ha vore langstava opphavleg. I *fyri* er det siste tilfellet: Dette ordet må i samsvar med etymologien åt *fura* ovanfor ha havt formi urn. *\*furhwija-* (< germ. *\*furhwija-*), som med burtfall av *h* millom *r* og *w* (sjå Olson 1914: 24) måtte gjeva norr. *\*fyrvi* og seinare med (sporadisk) burtfall av *v* den yverleverte formi *fyri*, jf. norr. *fyrvar* ‘menn’ < urn. *\*firhwijōr* til germ. *\*ferhwija-* og norr. *tyrvi*, yngre *tyri* n. ‘feit fureved’ < urn. *\*tirwija-* < germ. *\*terwija-* (jf. de Vries 1962, s.vv., for *tyrvi* òg Bjorvand og Lindeman 2007, s.v. *tjære*). Det dreiar seg mest truleg um eit opphavlegt kollektivum til ordet *fura* med tydingi ‘fureskog; fureved’, som t.d. *birki* n. ‘bjørkeskog; bjørkeved’ til *bjørk* f. ‘bjørk’, sjå vidare hjå Bjorvand 1991.<sup>4</sup>

Eit anna argument som Konráð Gíslason fører i marki, er skrivemåten “fúro” i den kongelege membranen av *Grágás* (GkS 1157 fol.; Finsen (utg.) 1852, bd. II, s. 202.16). Dette legg Gíslason stor vekt på, for i denne handskrifti er det soleis, hevdar han, at når aksenteiknet er nytta, er det mest berre yver lange vokalar. Etter eit snøgt gjenomsyn i Finsens utgåva lyt ein gjeva Gíslason rett i at aksenteiknet som regel er nytta yver lange vokalar, men som han sjølv skriv, er ikkje lange vokalar det einaste bruksområdet for aksenteiknet i denne handskrifti. Millom anna kann det

<sup>4</sup> Her kann det nemnast at Sveinbjörn Egilsson (1860) definerer *fyri* just som kollektivum: “FYRI, n. abietes, collect. a *fura*, ut *greni*, *beyki*, *birki*, a *gran*, *bók*, *bjørk*”.

verta nytta grafisk utskiljande yver <ɔ> = *i* og kvalitativt utskiljande yver <o> = *ö* (ø). Dessutan ser ikkje Gíslason burt frá “muligheden af enkelte skrivfeil”. Det han ikkje nemner, er at ordet *fura* alle dei tri hine gongene det er nytta i handskrifti, er skriva utan aksenteikn, d.e. “furo” (Finsen (utg.) 1852, bd. I, s. 59.4), “fura” (bd. I, s. 206.16) og “furo” (bd. II, s. 202.15). Det sistnemnde dømet stend faktisk rett yver dømet Gíslason viser til. I baa tilfelli dreiar det seg um ordlaget *koma á fljótandi furu* ‘koma på fljótande farty, sjøvegen’. Fyrste gong er det skriva “afliótande furo”, andre gong “afliótande fúro”. Me legg merke til at det i det fyrste tilfellet er verbstomnen *fljót-* som hev aksenteikn, i det andre berre det etterfylgjande *furu*. Det kunde tenkjast at aksenteiknet i det andre dømet er feilplassert ved eit slag forseinking hjå skrivaren, eventuelt kann det her merkja setningstyngd, jf. allitterasjonen i *á fljótandi furu*. I alle høve vert det tvilsamt å leggja so stor vekt på éi einskild skriftform i éi handskrift, serleg når denne formi elles vert standande isolert.<sup>5</sup>

I det siste argumentet sitt berrlegg Konráð Gíslason eit foraldra syn på etymologien åt *fura*. Han medgjev at tapet av ein konsonant etter t.d. *l* i norr. *fela* og *svala* (jf. ovanfor) ikkje hev havt nokon innverknad på vokalen, men hevdar at tilhøvi var onnorleis i ordet for *pinus* (‘fura’):

Her har gutturalen i oldnordisk haft sin plads imellem *u* og *r* (jf. nht. *föhre*), men er senere forsvundet, efterladende sig spor i vocalens udvidelse til *ú*. Jeg antager således, at Arnórr har sagt både *fúra* og *fýri* og fölgelig: *fýris garmr umb skeiðar stýri*, uden rimfeil. (Gíslason 1877: 47)

Dette stend seg ikkje mot nærare gransking av ordsoga åt *fura*. Dei eldste vestgermanske formene, geng. *furh-* i samansetjingi *furh-wudu* m. ‘fura’ og ght. *forha* f. (nht. *föhre* – med *h* som merkjer lang vokal – hev inkje i denne dryftingi å gjera), syner at *h*-en hev stade at t t um *r*-en. Desse formene kann tydst ut frå ein germansk *ō*-stomn \**furh<sup>w</sup>ō-* f., medan dei nordiske formene som nemnt ovanfor gjeng attende på ein *ōn*-stomn \**furh<sup>w</sup>ōn-* (Bjorvand og Lindeman 2007, s.v. *furu*). Attåt kann dragast

<sup>5</sup> Gustaf Lindblad (1952), som hev granska aksentbruket i gamalislenske handskrifter, stadfester at aksenteiknet vert nytta helst yver lange vokalar i GkS 1157 fol. (Lindblad 1952: 95 ff.). Det er tvo skrivarhender i handskrifti (A og B), og alle dømi på *fura* er å finna i den delen som hand B hev skriva. I dei tvo bladi Lindblad hev granska av denne skrivarhandi, skal han ha funne i alt 152 aksenteikn, og av desse stend 132 yver lange vokalar. Berre 6 gonger stend aksenten yver etymologisk stutt vokal: 4 gg. ved teikn for eldre ø, 1 g. ved stutt *i* (“sitt”) og 1 g. ved stutt *o* (“scórin”) – i det siste tilfellet tenkjer Lindblad seg at aksenten merkjer ut setningstyngd. Resten av aksenteikni stend yver tviljodane *ei* og *au* (i same fylgd 9 og 6 gg. – tali åt Lindblad gjeng ikkje heilt upp, då dette vert i alt 153 aksenteikn).

inn ein truleg skyld stomn i ght. *ferēh-eih* f. ‘eik’, norr. *fjōrr* ‘eit slags tre’ < germ. \**ferh<sup>w</sup>a-* og utanumgermansk ordstoff som lat. *querqus* f. ‘eik’ < ieu. \**perk<sup>w</sup>-* (med assimilasjon \**p...k<sup>w</sup> > k<sup>w</sup>...k<sup>w</sup>*), eit fullstig til nullstiget i germ. \**furh<sup>w</sup>ō-* osb. < ieu. \**prk<sup>w</sup>-*, sjå vidare hjå Bjorvand og Lindeman 2007, *loc.cit.* Alt dette syner at *fura* må koma av germansk \**furh<sup>w</sup>-* med *r* fyre *h<sup>w</sup>*. Med andre ord skulde voksteren i *fura* vera fullt parallell til den i *fela* og *svala*.

Det er ikkje berre etymologien og ljodvoksteren fram til norrønt mål – og lenger fram til nynorsk og nyslensk – som peikar eintydigt mot norr. *fura* og *fyri*; det kann òg visast at desse formene er dei som er nytta elles i skaldediktingi. Soleis er ordet *fura* nytta i ei lausavísa av Þjóðolfr Arnórsson i dróttkvætt, som er frá um lag same tid som den umtala hrynhent-strofa av Arnórr, og då i ein posisjon i verset som etter alt å døma er stutt: *kaldnefr furu halda*. Her veg sidetyngdi i *-nefr* upp for den stutte stavingi i *furu* (Sievers’ type A2k, jf. Sievers 1893: 102), og båd standardutgåvone normaliserer då òg til *furu* i dette verset (*Skj.* B I, s. 349; *SkP* II, s. 165).<sup>6</sup> Ei identisk metrisk plassering av *furu* hev me i verset *mjóðkarms furu hvarma* i ein anonym *Máriúflokkr* som Finnur Jónsson plasserer i det 12. hundradåret (*Skj.* A I, s. 627; B I, s. 634); her òg normaliserer han til *furu*. Sameleis er det i ei halvstrofa i fornyrðislag, som Finnur Jónsson tek med (under tvil) som str. 26 i Ívarr Ingimundarsons *Sigurðarbálkr* (ca. 1140), men som er plassert millom anonyme lausavísur or saga um Haraldssønene i *SkP*; der må vokalen i *furu* vera stutt for at verset *furu háleyskri* skal ha dei fire posisjonane som versemålet krev (*furu* stend då med oppløysing i fyrste posisjon, og verset vert av Sievers’ type D1, jf. Sievers 1893: 34). Her òg normaliserer båd utgåvone til *furu* (*Skj.* B I, s. 471; *SkP* II, s. 837).

Ogso når det gjeld *fyri*, hev me døme som styd upp um den stutte vokalen, alle i samansetjingar med *fyri-* til fyrelekk. Tvo av desse stend i same tvitydige posisjon i hrynhent-versemålet som *furu* hjå Arnórr, båd i Sturla Þórðarsons *Hrynhenda* frá 1263 (str. 3 og 5): *þunnar skeiðr af fyrihlunnum* og *Norðmanna gramr fyriborðum*. Finnur Jónsson normaliserer her til *fýri-*, venteleg av di han ikkje kjende til denne serregelen i hrynhent (jf. ovanfor) – eller i lojalitet til Konráð Gíslason? –, og den nye utgåva gjer det same (*Skj.* B II, s. 114; *SkP* II, s. 679, 681). Rett nok fører

<sup>6</sup> Det er teoretisk mogelegt å lesa dette verset som *kaldnefr fúru halda*, då som Sievers’ type A med ei tung lægging i andre posisjon. Dette er likevel ein mykje minder vanleg versetype enn A2k, og dei andre dømi på ordet *fura* i skaldediktingi styd lesemåten som er vald i *Skj.* og *SkP*.

Finnur Jónsson desse ordi upp i ordboki si (*Lex.poet.*) som *fyríborð* og *fyríblunnr*, med eit atterhald ved det sistnemnde: “(eller *fýri-?*)”. I sjølve utgåva hev han med andre ord valt den metrisk “sikre” (etter hans meining) *fýri-*.

Eit anna døme på *fýri-* finn me i Einarr Skúlason's *Runhenda* (kvæde med enderim) frå ca. 1155, som elles fylgjer reglane for fornyrðislag, d.e. regelrett fire posisjonar i verset. Verset lyder *fyriskógar garmr* ‘hunden for fureskogen’, som her er eldkenning,<sup>7</sup> og dersom det skal ganga upp med fire posisjonar, lyt *fýri-* vera stuttstava og verset vera eit døme på Sievers' type E1 med oppløysing i fyrste posisjon, jf. Sievers 1893: 34. Dette verset normaliserer både Finnur Jónsson og den nye skaldediktutgåva korrekt med *fýri-* (*Skj.* B I, s. 446; *SkP* II, s. 556).

Eit siste døme på *fýri-* finst i eit brotstykkje av ein viss Bjarni “A.son” i dróttkvætt, som er yverlevert i *Laufás Edda*, men som skal vera frå 1100-talet (*Skj.* A I, s. 542; B I, s. 523): *haudrgjörð fyrí-börðum*.<sup>8</sup> Her òg er det mest rimelegt å lesa stutt vokal i *fýri-*; verset er då av Sievers' type A2k med sidetyngd i andre posisjon og stutt tridjeposisjon (same typen vers som det av Þjóðólfr Arnórsson med formi *furu* ovanfor, men jf. fotnote 6).

Det er tid for å konkludera i dette stykket: Gjennomgangen av skaldetilfanget hev synt at ordi *fura* og *fýri* – med det eine undantaket for *fýri* i Arnórs *Hrynhenda* – alltid stend i posisjonar i versemålet som tillèt eller jamvel krev stutt staving. Dette er snautt tilfellelegt, serleg ikkje i hryn-hent der den tridje versefoten som nemnt var den einaste slike ord kunde standa i utan nokor form for kompensasjon. Me kann trygt slutta at formene *fura* og *fýri* er godt heimla i skaldespråket. Det finst derimot inkje som peikar på at det hev funnest ei form *\*fúra* i norrønt mál, og formi *fýri* ligg einast fyre i det eine verset av Arnórr jarlaskáld, som eg tenkjer meg må vera eit *skáldaleyfi* – ein poetisk licens utan fylgior for rekonstruksjonen av ordet elles. Etter di det er inkje i etymologien eller i den seinare voksteren át ordet i nordisk som kann stydja upp um den lange vokalen, er det mest økonomisk å ganga ut frå at *fýri* var den einaste formi ordet hadde i norrønt mál.

<sup>7</sup> Ein del eld- og vindkenningar hadde same form, av di både elden og vinden kunde vera “tre-skadaren”, jf. Meissner 1921: 102.

<sup>8</sup> Patronymikonet til denne Bjarni er avstytt i kjeldone til “.a. son” (i W, sjå SnE II, s. 498) og “A: s(on)” eller “A. s(on)” (i *Laufás Edda*, sjå Faulkes (utg.) 1979: 354, 376). I Resens utgåva av *Edda Islandorum* (1665) er det i ein note sagt at patronymikonet var “Arnorson”, men det er truleg berre ei gissing (jf. SnE III, s. 196; Faulkes (utg.) 1979: 374, note).

## 3.2 Andre norrøne sideformer med lang vokal

Me skal halda fram med dei hine tilfelli der Noreen hev norrøne parallellformer med stutt og lang vokal, og der formi med lang vokal skal syna den sporadiske vederlagslengjingi med grunn i burtfallen *b* etter *r* og *l*. Dei kjem til å verta handsama ein god del stuttare enn dei nyst gjennomgjengne *furalfúra* og *fyrilfýri* då empirien her er mykje veikare.

### 3.2.1 *Norr. váliṛ pl. (attved valir) ‘keltarar’*

Ved norr. *váliṛ* pl. ‘keltarar’ attved *valir*, jf. *walha-kurnē* ‘velsk korn’ på Tjurkö-brakteaten (Krause 1966, nr. 136), viser Noreen (1923, § 124.2) til Bugge (1881–89: 208), som reknar med stutt vokal i gen. pl. *vala* i *Sigurðarkviða skamma* 66 og i Sturla Þórðarsons *Hákonarkviða* 14 og i dat. pl. *volum* i *Hervarar saga ok Heiðreks konungs* str. 72, men derimot lang vokal i gen. pl. *vála* i *Hyndluljóð* 9 og i ei strofa or den sokalla *Vikarsbálkr* i den yngre versjonen av *Gautreks saga*. Båe dømi er i forn-yrðislag-vers, der den lange vokalen synest naudsynt for å fylla verset: *vála máłmi* (*Hyndl* 9) og *válamálm* (*Gautreks*). No er ingi av desse dømi yverleverte i serleg gamle handskrifter; *Hyndluljóð* er yverlevert i Flateyjarbók (ca. 1387–94), og “[d]igtets tekst er i meget høj grad forvansket” (Jónsson 1920–24, bd. 1, s. 196), og den aktuelle strofa or *Gautreks saga* er berre i AM 590 b 4to (*Skj. A II*, s. 327), som er ei papirhandskrift frå det 17. hundradåret (jf. AM-katalog, bd. I, s. 757, nr. 1490). Med di kann det tenkjast at desse versi ikkje gjennomfører versemålet so strengt som ein vilde venta i eldre eller betre yverleverte kvæde, jf. at Kuhn (utg. 1983: 289) normaliserer *Hyndl* 9 til *valamáłmi*, og både Heusler og Ranisch (utg. 1903: 42) og Finnur Jónsson (*Skj. B II*, s. 347) normaliserer verset or *Vikarsbálkr* til *vala(-)máłm*.

### 3.2.2 *Norr. óṛ f. (attved or) ‘pil’*

For norr. *óṛ* f. ‘pil’ attved *or* synest grunnlaget berre å vera skrivemåtar med aksenteikn i handskrifter. Noreen (1923, § 124.2) viser til Larsson (1891: 395), som hev eitt døme på dat. pl. <óṛvum> or den gamalislendske handskrifti AM 645 4to (jf. òg Larsson 1885: 56.7), og til at formi finst “oft” i Codex Rantzovianus, d.e. DonVar 137 4to (hovudhandskrifti til den eldre gulatinglovi). Holtsmark (1955, sp. 464) hev dessutan skrivemåten <ór> or tri gamalnorske handskrifter (AM 619 4to, RA I a og AM 315 fol. G). Inkje av dette er avgjerande, då aksenteiknet ikkje er nytta konsekvent til lengdemerkjing i nokon av desse handskriftene. Her kann t.d. nemnast ein skrivemåte som <frælfif ół> for norr. *frælsisql* n. i DonVar

137 4to (Eithun *et al.* (utg.) 1994: 67.24), som syner tydeleg at <ó> her kann standa for  $\varphi$ .

### 3.2.3 Norr. *fírar* pl. (*attved* *fírar*) ‘menn’

For norr. *fírar* (for *fírar*) pl. ‘menn’, attved den ljodrette formi *fyrvar* < urn. \**firhwijōr* (meir nedanfor), er Norens kjelda Pipping (1914: 150 f.), som viser til at dette ordet er utstyrt med aksenteikn i tri tilfelle i Codex Regius av Den eldre Edda (*fíra* 2 gg., *fírom* 1 g.), mot trettan døme utan noko aksenteikn. No er aksenteikn lite å byggja på, serleg yver *i*, der det er serskilt frekvent som grafisk utskiljande teikn, og Pipping (*op.cit.*, s. 151) medgjev at i det eine dømet med aksent (*Skm* 27) må ein rekna med stutt vokal med grunn i versemålet (ljóðahátt), men i dei tvo andre dømi skal den lange kvantiteten vera “metrisch befriedigend”: *forn spjoll fíra* (*Vsp* 1) og *fōgr mæf fíra* (*Vkv* 2). Det er *i* og for seg rett at vokalen kunde vera lang her, men han kann like gjerne vera stutt; lengdeskilnaden er nøytralisert i versemålet i denne posisjonen etter staving med side-tyngd (*spjoll*, *mæf*), d.e. Sievers’ type A2l eller A2k (Sievers 1893: 33), og desse versi gjev difor inkje grunnlag for å rekna med ei sideform \**fírar*. I artikkelen frå 1921 medgjev då òg Pipping at “[d]et är omtvistat, huruvida rotstavelsen [i *fírar*] alternativt haft lång vokal” (s. 35). Det er elles tydelegt at der *fírar* er nytta i skaldediktingi, er vokalen stutt. Det gjeld m.a. i Egils *Hofuðlausn* 7 (i runhent fornyrdislag, vers av Sievers’ type C2), Eilífs *Þórsdrápa* 10, Hallfrøðs *Erfidrápa* 8, Sigvats *Nesjavísur* 3 (2 i *SkP*), *Bersoglisvísur* 4 (5 i *SkP*) og Gunnlaugs lv 12 (alle i dróttkvætt, vers av type A2k; for alle tilvisingar sjå *Lex.poet.*, s.v. *fírar*). Denne formi *fírar* finst attved den berrsynt ljodrette formi *fyrvar* < urn. \**firhwijōr*, som syner ljodrett burtfall av *h* millom *r* og *w* og runding *i* > *y* fyre *w* (jf. Olson 1914: 22), og det hev valda forskarane vanskar å tyda ut koss dette ordet skulde enda upp med tvo so ulike former i norrønt mál (sjå forskingshistoria hjå Olson, *loc.cit.*). Den beste løysingi synest vera den som Olson (1914: 23) gjeng inn for, at *fírar* er eit lån frå geng. *fīras* (lengdi på vokalen er ikkje sikker), som er det ljodrette framhaldet av germ. \**ferhwijōz* i gamalengelsk. Formi *fírar* er avgrensa til diktingi (edda- og skaldekvæde), og Olson viser til at det finst fleire andre reint poetiske ord i norrønt mál som er lånte frå gamalengelsk, t.d. *fljóð* ‘kvende’, *gimr* ‘edelstein’, *ljóði* ‘fyrste’ og andre (Olson 1914: 19). Eit lån er heller ikkje urimelegt med tanke på at den heimlege formi *fyrvar* og den truleg lånte *fírar* hev ulik stavingsstruktur (langstava vs. stuttstava); dette kann ha verka til å fremja innlånet.



### 3.3 Norrøne ord med berre lang vokal

Eit par av dei dømi Noreen nemner på vederlagslengjing av vokalen fyre burtfallen *h* etter *r* og *l*, er ord som berre hev lang vokal i norrønt mål. Det gjeld *svíri* m. ‘nakke’ og *fóli* m. ‘tjuvgods’. I desse tilfelli er det ikkje grunn til å tvila på vokallengdi, men derimot er det grunn til å røkja etter um formene kann tydst ut på onnor vis enn Noreen rekna med.

#### 3.3.1 Norr. *svíri* m. ‘nakke’

Den lange vokalen i norr. *svíri* m. ‘nakke’ er sikra gjennom nisl., fær. *svíri* ‘d.s.’. Ordet er utan kjend etymologi, men Noreen (1923, § 124.2) fører det attende på eit germ. *\*swerhijan-* (skrive *\*swerhian-* hjå Noreen) i samsvær med m.a. Torp (1909: xxxix) og Pipping (1914: 150), med tilvising til geng. *sweora* m. ‘nakke’. Ein opphavleg *h* etter *r*-en er naudsynt for å få brjoting i gamalengelsk, jf. Campbell 1959, § 139, men det er ikkje naudsynt å rekna med at rotvokalen var *\*e*, då *\*i* endar upp med same brjotingsproduktet (*\*i* > *\*io* > *\*eo*). Derimot må vokalen (og tviljoden *eo*) helst ha vore stutt i gamalengelsk, for elles vilde ein ikkje få den yngre varianten geng. *swura*, jf. Kroonen 2011: 253. Kroonen (*loc.cit.*) ser på si sida burt frå at den gamalengelske formi krev *-rh-*, og rekonstruerer ei skifting i germansk *\*swīrō* (nom. sg.): *\*swirraz* (gen. sg.) etter den sokalla Kluges lov, som Kroonen hev lagt til grunn for avhandlingi si. Det synest heller rimelegt å rekonstruera ei germansk form *\*sweirhan-* > yngre *\*swīrhan-*, som ljodrett gjev norr. *svíri*, men geng. *sweora* med ei sporadisk avstytting av vokalen i forstadiet til gamalengelsk: *\*swīrhan-* > *\*swirhan-* > geng. *sweora*. Minder rimelegt er det i eit substantiv med nett same tyding i dei tvo måli å rekonstruera tvo ulike opphav i germansk: *\*sweiran-* (yngre *\*swīran-*) for norr. *svíri* og *\*swirhan-* for geng. *sweora*, med eit ljodsprang (avljud) germ. *\*ei* : *\*i* motivert av ulik ordlagjing (med og utan suffikset *\*h* < ieu. *\*k*). I alle høve er det ikkje naudsynt å rekna med at norr. *svíri* hev fenge den lange vokalen sin ved vederlagslengjing.

#### 3.3.2 Norr. *fóli* m. ‘tjuvgods’

Norr. *fóli* m. ‘tjuvgods’ er normalisert soleis hjå Fritznér (1886–96, s.v. *fóli*). Det dreiar seg um ei avleiding av verbet *fela* ‘løyna’ (< germ. *\*felhan-*), og ein skulde venta stutt vokal som i verbet, norr. *foli*. Ordet er ikkje funne i edda- eller skaldekvæde (jf. *Lex.poet.*), so ein hev einast skrivemåten i handskrifter og seinare vokster i nordisk å halda seg til: Nylislendsk hev *fóli* m., som nok ligg til grunn for normaliseringi av den

norrøne formi hjå Fritzner og andre, men færøysk hev *foli* m. og samansett *tjóvafoli* m., bæe ‘tjuvgods’ (FO, s.vv.). I norrønt mål er ordet berre funne i lovspråket, som simpleks og i samansetjingane *borafóli* og *stungafóli*, jf. Fritzner s.vv. I Hertzbergs glossar til *Norges gamle Love* er ordet normalisert *foli*, med tilvising til Söderbergs *Forngutnisk ljudlära* (1879: 17) med umsyn til kvantiteten åt *o*-en (NgL, bd. V, s. 199). Den gotlendiske formi det vert vist til, er *fuli*, som ikkje kann ganga attende på eldre \*-ō-, men derimot må spegla ogso eldre \*-u-. Jón Thorkelsson (1913: 15) sluttar seg til skrivemåten *foli* hjå Hertzberg og presiserer at “*foli* forholder sig til *fela* som *stoli* (*draumstoli*, *vitstoli*) til *stela*”. Det er tvillaust rett, men på eitt eller anna tidspunkt må formi *fóli* med lang *o* ha kome upp i islensk. Ved søk i databasen Ritmálssafn Orðabókar Háskólans på netet (www.arnastofnun.is) er det tidlegaste sikre dømet eg hev kunna finna på lang vokal i *fóli* or *Vikinga rímur* frá fyrste helvti av 1600-talet, der dat. pl. *fólum* rimar på *dólum* og *jólum* (Kristjánsson (utg.) 1950: 55). Ordet er òg skrive (akk. sg.) “föla” i ei tingbok frá Húnavatnsþing for året 1635 (etter Ritmálssafn), der <ö> er grafem for /o:/. Den lange, sekundære vokalen skal etter alt å døma tydast ut som analogisk med (yngre) former av verbet *fela*, pret.pl. *fólum* (for norr. *fálum* < *fólum*) og perf.part. *fólginn* (< norr. *folginn*), jf. at Páll Vídalín (1667–1727) i *Skýringar yfir fornyrði lögbókar þeirrar, er Jónsbók kallast* tyder ut *fóli* soleis: “Það merkir þjófstolið fé; en það hefur sitt nafn af því, að þjófar vilja gjarnan hafa fólgid, það þeir stela” (hermt etter Ritmálssafn Orðabókar Háskólans, s.v. *fóli*). Samanfalli med det elles einslydande *foli* m. ‘unghest’ kann ha hjelpt til at den nye formi *fóli* voks fram.

### 3.4 Moderne nordiske ordformer

I eit par tilfelle dreg Noreen inn ordformer som berre er funne på moderne nordiske språk (svensk og norsk), som òg skal syna den hevda vederlagslengjingi av vokalen fyre burtfallen *b* etter *r* og *l*, um enn berre i einskilde målføre. Det gjeld nsv. dial. *för* f. ‘(plog)för’ og nsv. (og nno.) *snår* n. ‘kjørr, småskog’. I desse ordi vert vanskane med å etablere ljodvoksteren endå større enn i dei tilfelli me hev dryft so langt.

#### 3.4.1 Nsv. *för* f. ‘(plog)för’

Ved norr. *for* f. ‘(plog)för’ < germ. \**furhō*- nemner Noreen (1923, § 124.2), utan kjeldetilvising, den nysvenske dialektformi *för*, som skulde kunna ganga attende på gamalsvensk lang vokal. Hjå Pipping (1921: 41) gjeng det fram at kjelda her er Axel Kock (1909–11: 152), og Pipping

nemner òg at det skal ha funnest eit nsv. dial. *för* i tydingi ‘fura’; her er kjelda Tamms etymologiske ordbok (Tamm 1890–1905: 181), som opplyser at denne formi er funni dialektalt på 1700-talet, “*for (fohr)*”. No er den vanlege svenske dialektformi for ‘fòr’ *får*, attved den standardsvenske linne formi *fåra*, som båe gjeng attende på gamal stutt *o* i gsv. *for* (SAOB, s.v. *fåra*; jf. òg Rietz [1862–67], s.v. *får*). Det er soleis høgst usikkert um nsv. dial. *för* ‘fòr’ i det heile representerer eit problem for regelen um at det ikkje vert lengjing av vokalen fyre burtfallen *h* etter *r* og *l*.

### 3.4.2 Nsv. snår n. ‘kjørr’

I samband med norr. *snara* f. ‘snara, gildra’ nemner Noreen (1923, § 124.2) nsv. *snår* n. ‘kjørr, småskog’. Denne formi finst både i svenske og norske målføre ved sida av *snar* n. i same tyding (jf. SAOB, s.v. *snår*; Aasen 1873, s.v. *Snaar*). Ordet er ikkje funne i dei gamle språki (norr., gsv.), og det er difor ikkje upplagt koss det skal rekonstruerast og etymologiserast. Både Falk og Torp (1910, s.v. *snar*) og Hellquist (1939, s.v. *snår*) fører ordet attende på ei germansk grunnform \**snarha-* til roti i nno. *snara* f. ‘fangstreidskap for småvilt’ og adjektivet *snar* ‘snøgg’, og vokalskiftet *a ~ å* vert i båe ordbøkene eksplisitt uttydt med stoda fyre eldre \**rb*. Ordi *snara* f. og *snar* adj. er avleidde av eit germansk sterkt verb, inf. \**snerhan-* : pret. sg. *snarh-* ‘slyngja, tvinna, knyta (i hop)’ som ligg fyre i m.a. ght. *snerhan* ‘knyta (i hop)’, jf. Bjorvand og Lindeman 2007, s.v. *snar*. Det synest rimelegt å knyta *snar/snår* til dette ordstoffet, jf. den delvise semantiske parallellen i ordet *kjørr* n. ‘kratt, tett småskog’, norr. *kjarr* n., som vert sett i samband med geng. *cierr* m. ‘dreining, vending, endring’ og det tilhøyrande *j*-verbet *cierran* ‘snu, venda (seg) osb.’ (Bjorvand og Lindeman 2007, s.v. *kjerr*). Semantikken vert då at snåret/kjørret er det samanslyngde eller samansnудde. Um tilknyttingi til verbet \**snerhan-* er rett, må formene med *a*, nno., nsv. *snar*, vera dei eldste (< germ. \**snarha-*). Formene med *å* er i so fall sekundære, men det er vandt å finna eit utgangspunkt for vokalen, ikkje minst med tanke på at det finst ei kollektiv-avleiding *snære* n. med same tyding, ‘kjørr, småskog’, både i bohøslensk (Hellquist, *loc.cit.*) og norsk (Aasen, *loc.cit.*), som peikar attende på *snår*. Denne formi kann sjølvstøtt vera sekundær til *snår* att, etter di vokalskiftet *å ~ æ* er svært vanlegt i nordisk (pga. i-ljodbriget). Ei mogeleg uttyding til formi *snår* kunde vera at ho hev kome upp i målføre som ikkje skil millom upphavleg *å* og *ø*, og soleis gjeng attende på ei fleirtalsform norr. \**snør* til \**snar* n. Semantikken er ingi hindring for ei slik uttyding.

### 3.5 Onomastisk materiale

I tri tilfelle knyter Noreens prov på den sporadiske vederlagslengjingi seg til namn, både person- og stadnamn. Det gjeld det mytologiske namnet *Býleiptr* eller *Býleistr*, eit postulert namneelement \**áll* m. ‘tempel’ i nordiske stadnamn og fyrelekken *Mål-* i nokre norske stadnamn attåt det svenske sjønamnet *Mälaren*. Dette materialet byr på serskilte utbjudingar, då serstatusen namni hev i ordtilfanget, gjer det ekstra vanskeleg å etablere ein etymologi. I mange tilfelle finst det fleire semantisk plausible uttydingar, og det er berre ljodhistoria som kann avgjera kva som er mogeleg og ikkje mogelegt. Dei tri onomastiske dømi åt Noreen stend soleis i ei serstoda og kann ikkje tilleggjast like stor vekt som dei andre dømi.

#### 3.5.1 Det mytologiske namnet *Býleiptr* eller *Býleistr*

Det mytologiske namnet *Býleiptr* el. *Býleistr* fører Noreen (1923, § 124.2) tentativt attende på eit \**byl-heiftr*, med tilvising til mht. *heifte* adj. ‘heftig’, subst. ‘Sturmwetter’, eller \*-*heistr*, med tilvising til ght. *heisti*, geng. *háste* ‘heftig’, og namnet skal opphavleg ha tydt “windstossheftig”; fyrelekken skal då vera *bylr* m. ‘vindkast, storm’. Men for dette namnet er det ingi semja um kvantiteten på vokalen og heller ikkje kvar grensa millom dei tvo lekkene i namnet opphavleg hev gjenge, eller kva form av etterlekken som er eldst (med *-pt-* eller *-st-*), jf. de Vries 1962, s.v. *Byleistr*. Finnur Jónsson (*Lex.poet.*, s.v. *Býleistr*) meiner til dømes at namnet er ei samansetjing av *býr* ‘gard; bygd’ og *leistr* ‘fotstykke’. Det segjer seg sjølv at eit namn som me ikkje kjenner etymologien til, snaudt kann nyttast i eit ljodhistorisk resonnement.

#### 3.5.2 Norr. *áll* i stadnamn (attved gsv. Alir)

Norr. *áll*, som finst berre i stadnamn, usamansett *Áll* eller samansett i t.d. *Ullaráll*, *Ásaráll*, vert av Noreen (1923, § 124.2) sett i samband med got. *alhs* f. ‘tempel’ (kognat i geng. *ealh*, *alh* m., gs., ght. *alah* m. ‘d.s.’) og skal då ha fenge vederlagslengjing av rotvokalen urn. \**alpa-* > norr. \**ál-*, i motsetnad til i det gamalsvenske *Alir* i m.a. dagens *Ale* (*häräd*) i Västergötland og soknenamni *Norråla* og *Söderåla* i Hälsingland (sjå SOL, s.nn.). No er det meir rimelegt å setja mange av stadnamni på *Áll*, *-áll* til norr. *áll* m. ‘renna i botnen av elv eller sund’ og ‘stripa (på ryggen av dyr)’ nytta yverført um langstrekke høgdedrag, jf. de Vries 1962, s.v. *áll* 5. Dette er òg uttydingi Oluf Rygh som regel gav desse namni, jf. NG Indl., s. 41. Albert Kjær (i NG XII, s. 86 f.) dryfter desse namni utførleg i sam-

band med det gamle namnet på Sogndal prestegard, *Áll*. Han meiner Ryghs uttyding med terrengnemnet *áll* er “høist sandsynlig” for dei usamansette bygdenamni *Ál*, *Álen*, “da det kunde ligge nær at opfatte disse Bygder som en Stribe paa Kanten af eller ind i Ødemarken”, evt. kann *Álen* i Gauldalen, som i målføret er hokyn (/¹å:ʀa/), vera laga til det skylde hokynsordet norr. *ál* (*ól*) f. ‘skinnreim’ i same tyding, ‘stripa’, til liks med gardsnamnet *Ol* i Stod. Han meiner framleis at ei tilknytning til *áll* m. ‘stripa’ er “vistnok sikker” i landskapsnamnet *Vesterålen*, “mulig rigtig” ved *Duráll* (bygdenamn i Eidsvoll) og “sikker” ved gardsnamnet *Repål* (i Voss). I bygdenamni *Ullaráll* (i Norderhov), *\*Frýáll* (i Søndre Land) og soknenamnet *Ásaráll* (i Vest-Agder), som alle hev eller kann ha teofor fyrelekk, er Kjær derimot freista til å sjå eit norrønt *\*áll* m., kognat til got. *alhs* f., geng. *ealh*, *alh* m. ‘tempel, heilagdom’, osb. Serleg nære, meiner Kjær, ligg det å tenkja seg dette i *Ullaráll* og *Ásaráll*, der det eine inneheld gudenamnet *Ullr* og det andre appellativet *áss*, *óss* ‘gud’, “en af Æserne”, helst Tor. Men òg *\*Frýáll* hev venteleg eit gudenamn, *Freyr* eller *Freyja*, til fyrelekk, då same namnet finst i Sverike på tri stader: *Fryele* i Småland (“Fröale”, 1398), *Fröjel* på Gotland (“Fröyal”) og *Friel* i Västergötland (“Frial” 1430, “Fröyal” 1444), “og det er neppe sandsynligt, at et Ord, som betyder ‘frugtbar’ eller noget lign., skulde forekomme saa ofte netop i S sammensætning med *áll*, Stribe” (Kjær, *loc.cit.*). Det peikar heller på ei samansetjing med eit ord som tyder ‘heilagdom’.<sup>9</sup>

Spursmålet vert so koss denne etterlekken *-áll* m. ‘heilagdom’ skal tydast ut. Etter di ein ikkje skulde venta lengjing av vokalen med grunn i burtfallen *b* etter *l* i urn. *\*alba-*, er det mest økonomisk å rekna med at dette ordet, um det hev funnest i nordisk, hev havt formi norr. *\*all* m. Ei slik form (med *a-*) er vandelaus for det svenske materialet (sjå Brink 1992: 111), og ho kann òg leggjast til grunn for fleire av dei norske namni. Det gjeld *Ásaráll/Ásarall*, som i dag hev uttalen /²å:seral/ (Bugge 1905: 180; NG IX, s. 134; NSL, s.n. *Åseral*), med /-al/ som gjerne kann ganga attende på norr. *-all*. Dei eldste skriftformene er (lat.) “ecclesia de Azerol cum capella” (PN, s. 24), og på norsk “j Asarals sokn” (1413, DN IV nr. 792), “i Asaral” (1506, DN VIII nr. 469), “J Særals sokn” (forvanska) og “af Æsarale” (båe i AB, s. 180); med undantak av den latinske hev alle ein

<sup>9</sup> Magnus Olsen (1915: 275) avviser uttydingi av namn på *-áll* (*Ullaráll*, *Frýáll*, *Ásaráll*) med ein namnelekk *\*áll* m. ‘tempel, heilagdom’. Han meiner at *Áll* og *-áll* “synes [...] at forekomme altfor hyppig i bygdenavne til, at man tør antage en saa speciel betydning for dette navneled”. Men då ser Olsen burt frå at det her kann dreia seg um t v o namnelekker, *áll* m. i tydingi ‘renna; stripa’ og *\*áll* m. ‘tempel, heilagdom’.

tvitydig <a> som kann standa for både /a/ og /á/; ei gamalnorsk form *Ásarall* er soleis mogeleg. Namnet *Frjáll* er kvorve, men skal vera gamalt bygdenamn for Hov sokn i Søndre Land (NG IV2, s. 195). Her hev me soleis ikkje nokon moderne uttale å halda oss til. Det er funne tvo gonger i millomalderen: “j Fryale” 1371 (DN I nr. 411) og “j Frøyiale” 1424 (DN III nr. 673). At namnet skal normaliserast *Frjáll*, er det Oluf Rygh (1880: 209; 1883: 29) som hev meint, men etter formene å døma kunde det like gjerne vera eit \**Freyjuall* til *Freyja*, seinare redusert til *Freyjall* som i formi frå 1424. Det einaste norske namnet som syner eintydig refleks av *-áll* i etterlekken, er *Ullaráll*, som lever vidare i *Ullerål*, som er namn på den delen av Haugs sokn i Norderhov som ligg på vestsida av Randselva (NG V, s. 59); uttalen skal vera “*u`llærål* med tjukk *l*” (Vågslid 1958: 112). I millomalderen er namnet skriva “i Vllærrale” 1355 (DN I nr. 344) og “Ulleraal” i ei attgjeving frå 1770 av eit diplom frå 1361 (DN XVI nr. 22) og dessutan i eit diplom frå 1575 (NG, *loc.cit.*). Her er det med andre ord liten tvil um at etterlekken hev havt /ã/ < norr. *á*. Ei mogeleg uttyding på dette kann vera at namnet hev fenge etterlekken *-áll* > *-ål* i analogi med namni som retteleg hev *-áll* i tydingi ‘renna; stripa’. Det er kann henda ikkje den mest økonomiske løysingi, men på den andre sida er provi for at tempelordet hev havt formi \**áll* m. med lang *á* i nordisk utifrå veike.

### 3.5.3 Nno. Mål- i stadnamn og gsv. Mællir

Til norr. *malr* m. ‘sekk’ < urn. \**malba-* nemner Noreen (1923, § 124.2) at det finst eit nno. *Mål-* i stadnamn og eit gsv. *Mællir* som sjønamn (d.e. i dag *Mälaren*). Bakgrunnen for å draga inn dei norske stadnamni på *Mål-* er ei kopling som Magnus Olsen (1906: 104 ff.) hev gjort av fjordnamnet *Malangen* (utt. /<sup>2</sup>malanjen/) i Trums, norr. *Malangr*, med nokre stadnamn ved denne fjorden, d.e. elvenamnet *Målselva* (utt. /<sup>1</sup>måns,æɽva/) og gardsnamni *Målsjorda* (utt. /<sup>1</sup>måls,jo:ra/) i Lenvik og *Målsnes* (utt. /<sup>1</sup>måls,nes/) i Målselv – alle med stutt /ã/. Fjordnamnet set Olsen til *malr* m. ‘pose, sekk’, ei nemning han meiner “passer særdeles godt paa Malangen, som er ikke lidt bredere i sin indre del end ved indløbet” (*op.cit.*, s. 106). Etterfestet *-angr* skal vera sekundært og fjorden opphavleg ha heitt berre \**Malr* (“eller \**Máll*”), og med dette gamle usamansette fjordnamnet skal so gardsnamni *Målsjorda* og *Målsnes* og elvenamnet *Målselva* vera samansette. Uttydingi er godteki av NSL, s.nn. *Malangen*, *Målselv(a)*, og av Oddvar Nes (1975: 76). Men som Gösta Holm (1991: 278 ff.) peikar på, er det fleire lyte ved henne. For det fyrste hev Malangen “föga likhet med en säck eller påse; förträngningen vid mynningen är obetydlig”, og

tilknytningi til norr. *malr* m. måtte eventuelt vera av eit anna slag, anten at fjorden er ei utfylt fordjuping som kunde verta jamførd med ein sekk – men dette gjeld helst ved “smärre sjöar” –, eller at det ligg eit kvarve innbyggjarnemne til grunn; i det siste tilfellet kunde ein òg tenkja på ei tilknytning til norr. *møl* f. ‘banke av småstein’, meiner Holm (s. 279). For det andre er namni på *Måls*- seint heimla i skriftlege kjeldor, noko Olsen òg nemner. Soleis er gardsnamni *Målsnes* og *Målsjorda* fyrste gong funne i 1661 (skrivne “Molssnes”, “Molls”), og busetnaden i området er i det heile sers ung: Utanum *Målsnes* er ingen gard nemnd i matrikkelen 1723 i heile noverande *Målselv* herad. “Under sådana förhållanden är det nog lite djärvt att för *Mål*-namnen räkna med en urnordisk variant till *Mal*- i *Malangen*. Det kan ju mycket väl vara så, att *Mal*- och *Mål*- är helt oberoende av varandra” (Holm 1991: 282). Holm meiner det er eit “rimligt antagande” at namni på *Måls*- er reduktiske lagingar til eit heller ungt stadnamn med fyrelekken *mol* f. ‘banke av småstein’ (norr. *møl*) eller laga beint av ein maskulin variant av dette *mol*, og han viser til Djupedal 1987, som dryfter namni på *Mål*-, *Mol*-, *Mal*- o.l. og sluttar seg fram til at det hev funnest maskuline variantar av ordet *mol*, *mal* som må liggja til grunn for nokre av namni (pga. samansetjings-*s* i sume av deim).

Kor det no er med etymologien åt namni på *Måls*-; det viktuge i denne samanhengen er at dei ikkje kann nyttast til å etablera nokor sideform \**máll* til norr. *malr*. Den hevda lengjingi på grunn av ein burtfallen *h* i \**malha*- er soleis ugrunna.

Når det gjeld sjönamnet *Mälaren* i Sverige, gsv. *Mælrir*, er tilknytningi til *malr* m. ‘sekk’ < urn. \**malha*- likeins usikker. Som i mange av dei andre dømi Noreen nemner på vokallengjing fyre burtfallen *h* etter *r* og *l*, er det Hugo Pipping som er kjelda for etymologien (Pipping 1918: 82 f.), som fyreset ei urnordisk form \**Malhjar* (skrivi \**Malhjar* hjå Pipping). I *Svensket ortnamnslexikon* (SOL, s.n. *Mälaren*) heiter det derimot at “[s]jönamnet, fsv. *Mælrir*, är troligen bildat till dialektordet *mal* ‘grovt grus och stenar vid stränder’ och betyder då ‘Grussjön’ e.d.”. No hev òg *mal*, norr. *møl* f. ‘banke av småstein’, stutt vokal og skal dessutan ganga attende på ei grunnform med *lh*, germ. \**malhō*- (de Vries 1962, s.v. *møl*), so det løyser ikkje det ljodhistoriske problemet med den lange vokalen *æ* (< urn. \**ā* < germ. \**ē*), som ikkje kann standa i eit avljodstilhøve til germansk stutt *a*. Den uttydingi som er mest forsvarleg frå eit formelt synspunkt, er den Sophus Bugge gjev hjå Albert Kjer i NG VI, s. 182, der *Mælrir* skal hanga saman med *mál* n. < germ. \**mapla*- i tydingi ‘samlingsstad, ting’, mao. ‘fjorden som fører inn til ein samlingsstad’. Men det kann sjølvsagt tenkjast tilknytningar til anna ordstoff på *mål*-.

## 4 Konklusjon

Denne gjennomgangen av dei dømi Adolf Noreen (1923, § 124.2) gjev på sporadisk lengjing av vokalen fyre burtfallen urnordisk *h* etter *r* og *l*, hev synt at det er lite eller inkje som peikar på at ei slik vederlagslengjing hev vore mogeleg i nordisk. I flestalle tilfelli kann anten formene med lang vokal tydast ut på onnor vis (t.d. norr. *svíri*, *fóli*), eller dei viser seg truleg aldri å ha funnest (t.d. \**fúru*, \**vábir*, \**ór*, \**fírar*). Dei sterkaste kandidatanane for ei lengjing er *fýri* n. i eit einstaka skaldevers og *-áll* i stadnamnet *Ullaráll* (pga. den teofore fyrelekken), men baa vert standande áleine jamsides fyrekomstar som kann tydast ut med stutt vokal, i same fylgd *fyri* (nno. *fyre*) og *-all* (gsv. *Alir*, gno. *Ásarall*). Attåt kjem det typologiske argumentet at ein helst ikkje skulde ha venta vederlagslengjing av vokalen ved burtfall av ein konsonant som ikkje er i direkte kontakt med vokalen. Det mest økonomiske er soleis på filologisk og språktypologisk grunnlag å avvisa Noreens sporadiske vederlagslengjing fyre burtfallen *h* etter *r* og *l* fullstendig.

## Litteratur

- AB = *Aslak Bolts jordebok*. Utg. Jon Gunnar Jørgensen. Riksarkivet, Oslo, 1997.
- AM-katalog = *Katalog over den Arnamagnæanske håndskriftsamling*. Utg. av Kommissionen for det Arnamagnæanske Legat. I–II. Gyldendalske Boghandel, København, 1889–94.
- Benediktsson, Hreinn (1963): “Phonemic Neutralization and Inaccurate Rhythmes”. *Acta Philologica Scandinavica* 26, s. 1–18.
- Bjorvand, Harald (1991): “*birki* N. – *bjørk* F. Zur Vorgeschichte der altnordischen neutralen Ableitungen von Baumnamen”. John Ole Askedal, Harald Bjorvand og Eyvind Fjeld Halvorsen (red.), *Festskrift til Ottar Grønvik på 75-årsdagen den 21. oktober 1991*, Universitetsforlaget, Oslo, s. 143–156.
- Bjorvand, Harald og Fredrik Otto Lindeman (2007): *Våre arveord. Etymologisk ordbok*. Revidert og utvidet utgave. Instituttet for sammenlignende kulturforskning / Novus forlag, Oslo.
- Brink, Stefan (1992): “Har vi haft ett kultiskt \**al* i Norden?” Gillian Fellows-Jensen og Bente Holmberg (red.), *Sakrale navne. Rapport fra NORNAs sekstende symposium i Gilleleje 30.11.–2.12.1990* (NORNA-rapporter 48), NORNA-förlaget, Uppsala, s. 107–121.
- Bugge, Sophus (1881–89): *Studier over de nordiske Gude- og Heltesagns Oprindelse*. Første Række. Alb. Cammermeyer, Christiania.
- (1905): “Bidrag til Tolkning af danske og tildels svenske Indskrifter med den



- længere Rækkes Runer, navnlig paa Guldrakteater". *Aarbøger for nordisk oldkyndighed og historie* 2. r., bd. 20, s. 141–328.
- Campbell, A[listair] (1959): *Old English grammar*. Clarendon Press, Oxford.
- de Chene, Brent og Stephen R. Anderson (1979): "Compensatory lengthening". *Language* 55, s. 505–535.
- Cleasby, Richard og Gudbrand Vigfusson (1874): *An Icelandic–English Dictionary*. 2. utg. ved William A. Craigie. Clarendon Press, Oxford, 1957.
- Djupedal, Reidar (1987): "Måløy eller Moløy". *Namn og Nemne* 4, s. 7–17.
- DN = *Diplomatarium Norvegicum*. I–. Christiania/Oslo 1847–.
- Egilsson, Sveinbjörn (1860): *Lexicon poëticum antiquæ linguæ septentrionalis*. Utg. av Societas regia antiquariorum septentrionalium, Hafniæ.
- Eithun, Bjørn, Magnus Rindal og Tor Ulset (utg. 1994): *Den eldre Gulatingslova*. (Norrøne tekster nr. 6.) Riksarkivet, Oslo.
- Elmevik, Lennart (1980): "Tarmmal og tarmmäja. Två dialektala ord för 'tarmkäk'". Valter Jansson *et al.* (red.), *Ord och struktur. Studier i nyare svenska tillägnade Gun Widmark den 31 juli 1980*, Lundequistska Bokhandeln, Uppsala, s. 194–197.
- Falk, Hjalmar og Alf Torp (1910): *Norwegisch–Dänisches etymologisches Wörterbuch*. I–II. Carl Winter, Heidelberg.
- Faulkes, Anthony (utg. 1979): *Two versions of Snorra Edda from the 17th century*. Vol. 1. *Edda Magnúsar Ólafssonar (Laufás Edda)*. Stofnun Árna Magnússonar, Reykjavík.
- Finsen, Vilhjálmur (utg. 1852): *Grágás. Islændernes Lovbog i Fristatens Tid, udgivet efter det kongelige Bibliotheks Haandskrift og oversat af Vilhjálmur Finsen for det nordiske Literatur-Samfund*. [Tekst.] I–II. Kjøbenhavn.
- Fms = *Fornmanna sögur eptir gömlum handritum útgefnar að tilhlutun hins norræna fornfræða félags*. Utg. Sveinbjörn Egilsson *et al.* I–XII. Popp / S. L Möller, Kaupmannahöfn, 1825–37.
- FO = *Føroysk orðabók*. Red. Jóhan Hendrik W. Poulsen. Føroya Fróðskaparfelag, Tórshavn, 1998.
- Fries, Sigurd (1957): *Studier över nordiska trädnamn*. (Skrifter utgivna av Kungl. Gustav Adolfs Akademien 29.) Almqvist & Wiksells Boktryckeri AB, Uppsala.
- Fritzner, Johan (1886–96): *Ordbog over Det gamle norske Sprog*. I–III. Den norske Forlagsforening, Kristiania.
- Gislason, Konr[áð] (1877): "Om helrim i förste og tredje linie af regelmæssigt 'dróttkvætt' og 'hrynhenda'". *Indbydelsesskrift til Kjøbenhavns Universitets Aarsfest til Erindring om Kirkens Reformation*. Kjøbenhavn.
- Hayes, Bruce (1989): "Compensatory Lengthening in Moraic Phonology". *Linguistic Inquiry* 20 (2), s. 253–306.
- Heggstad, Leiv (1930): *Gamalnorsk ordbok med nynorsk tyding*. Ny umvølt og auka utgåve av "Gamalnorsk ordbok" ved Hægstad og Torp. Det Norske Samlaget, Oslo.
- Heggstad, Leiv, Finn Hødnebo og Erik Simensen (1975): *Norrøn ordbok*. 3. utgåve av Gamalnorsk ordbok. Det Norske Samlaget, Oslo.

- (1990): *Norrøn ordbok*. 4. utgåva av Gamalnorsk ordbok ved Hægstad og Torp. Det Norske Samlaget, Oslo.
- (2008): *Norrøn ordbok*. 5. utgåva av Gamalnorsk ordbok ved Hægstad og Torp. Det Norske Samlaget, Oslo.
- Hellquist, Elof (1939): *Svensk etymologisk ordbok*. I–II. C. W. K. Gleerups förlag, Lund.
- Heusler, Andreas og Wilhelm Ranisch (utg. 1903): *Eddica Minora. Dichtungen eddischer Art aus den Fornaldarsögur und anderen Prosaerwerken*. Fr. Wilh. Ruhfus, Dortmund.
- Hock, Hans Henrich (1986): “Compensatory lengthening: in defense of the concept ‘mora’”. *Folia Linguistica* 20, s. 431–460.
- Holm, Gösta (1991): *De nordiska anger-namnen*. (Det Norske Videnskaps-Akademi. II. Hist.-Filos. Klasse. Skrifter. Ny Serie No. 18.) Lund University Press, Lund.
- Holtmark, Anne (1955): *Ordforrådet i de eldste norske håndskrifter til ca. 1250*. I kommisjon hos Jacob Dybwad, Oslo.
- Hægstad, Marius og Alf Torp (1909): *Gamalnorsk ordbok med nynorsk tyding*. Det Norske Samlaget, Kristiania.
- ÍF XXVIII = Snorri Sturluson: *Heimskringla*. III. Utg. Bjarni Aðalbarnarson. (Íslenzk fornrit XXVIII.) Hið íslenzka fornritafélag, Reykjavík, 1951.
- Jónsson, Finnur (1920–24): *Den oldnorske og oldislandske litteraturs historie*. I–III. 2. utg. G. E. C. Gads Forlag, København.
- Kock, Axel (1909–11): *Svensk ljudhistoria*. Andra delen. C. W. K. Gleerup, Lund.
- Krause, Wolfgang (1966): *Die Runeninschriften im älteren Futhark*. Mit Beiträgen von Herbert Jankuhn. Vandenhoeck & Ruprecht, Göttingen.
- Kristjánsson, Jónas (utg. 1950): *Spánverjavígin 1615. Sönn frásaga eftir Jón Guðmundsson lerða og Víkinga rímur*. (Íslenzk rit síðari alda 4.) Utg. av Hið íslenzka fræðafélagi í Kaupmannahöfn. Kaupmannahöfn.
- Kroonen, Guus (2011): *The Proto-Germanic n-stems. A study in diachronic morphophonology*. (Leiden Studies in Indo-European 18.) Rodopi, Amsterdam – New York.
- Kuhn, Hans (1983): *Das Dróttkvætt*. Carl Winter Universitätsverlag, Heidelberg.
- (utg. 1983): *Edda. Die Lieder des Codex Regius nebst verwandten Denkmälern*. 5. verbesserte Auflage. Carl Winter Universitätsverlag, Heidelberg.
- Larsson, Ludvig (1885): *Isländska handskriften N<sup>o</sup> 645 4<sup>o</sup> i den Arnamagnæanska samlingen på Universitetsbiblioteket i København*. I. *Handskriftens äldre del*. Gleerupska Universitets-bokhandeln, Lund.
- (1891): *Ordforrådet i de älsta isländska handskrifterna*. PH. Lindstedts Universitets-bokhandel, Lund.
- Lex.poet.* = *Lexicon poeticum antiquæ linguæ septentrionalis. Ordbog over det norsk-islandske skjaldesprog*. Oprindeligt forfattet af Sveinbjörn Egilsson. Forøget og påny udgivet for Det Kongelige Nordiske Oldskriftselskab ved Finnur Jónsson. 2. utg. København, 1931.

- Lindblad, Gustaf (1952): *Det isländska accenttecknet. En historisk-ortografisk studie.* (Lundastudier i nordisk språkvetenskap 8.) C. W. K. Gleerup, Lund.
- Magnússon, Ásgeir Blöndal (1989): *Íslensk orðsifjabók.* Órðabók Háskólans, [Reykjavík].
- Meissner, Rudolf (1921): *Die Kenningar der Skalden. Ein Beitrag zur skaldischen Poetik.* Kurt Schroeder, Bonn – Leipzig.
- Nes, Oddvar (1975): “Ei ferd langs ‘Nordvegen’. Fjordnamn og landskapsnamn”. Botolv Helleland (red.), *Norske stedsnavn/stadnamn*, Grøndahl & Søn Forlag A/S, Oslo, s. 63–79.
- NG = Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne.* I–XIX. Kristiania/Oslo 1897–1936.
- NgL = *Norges gamle Love indtil 1387.* I–V. Utg. R. Keyser, P. A. Munch, Gustav Storm og Ebbe Hertzberg. Christiania 1846–95.
- NO = *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet.* 1–. Det Norske Samlaget, Oslo, 1966–.
- Noreen, Adolf (1923): *Altnordische grammatik. I. Altisländische und altnorwegische grammatik (laut- und flexionslehre) unter berücksichtigung des urnordischen.* (Sammlung kurzer Grammatiken germanischer Dialekte 4.) 4. utg. Max Niemeyer, Halle (Saale).
- NSL = *Norsk stadnamnleksikon.* Red. Jørn Sandnes og Ola Stemsaug. 4. utg. Det Norske Samlaget, Oslo, 1997.
- Olsen, Magnus (1906): “Nogle norske stedsnavne”. *Arkiv för nordisk filologi* 22, s. 103–127.
- (1915): *Hedenske kultminder i norske stedsnavne.* (Videnskapsselskapets Skrifter. II. Hist.-filos. Klasse. 1914: 4.) I kommission hos Jacob Dybwad, Kristiania.
- Olson, Emil (1914): “Om behandlingen av urgerm. *hw* i de nordiska språken”. *Arkiv för nordisk filologi* 31, s. 1–25.
- Pipping, Hugo (1914): “Über den Schwund des h in den altnordischen Sprachen”. *Neuphilologische Mitteilungen* 16, s. 124–160.
- (1918): *Finländska ortnamn.* (Skrifter utgivna av Åbo Akademi kommitte 7.) Holger Schildts Förlag, Helsingfors.
- (1921): “Sex kapitel ur de nordiska språkens grammatik”. *Studier i nordisk filologi* 12, s. 1–122.
- PN = *Pavelige Nuntiers Regnskabs- og Dagböger, førte under Tiende-Oprøevningen i Norden 1282–1334.* Utg. P. A. Munch. Brögger & Christie’s Bogtrykkeri, Christiania, 1864.
- Rietz, Johan Ernst ([1862–67] 1962): *Svenskt dialektlexikon. Ordbok öfver svenska allmogespråket.* C. W. K. Gleerups förlag, Lund.
- Rygh, O[luf] (1880): “Tillæg. Minder om Guderne og deres Dyrkelse i norske Stedsnavne”. P. A. Munch: *Norrøne Gude- og Helte-Sagn.* Ny Udgave bearbejdet af A. Kjær, P. F. Steensballes Forlag, Christiania, s. 199–221.
- (1883): *Oplysninger til Trondhjemske Gaardnavne (Inderøen, Ytterøen, Rissen).* (Det Kgl. Norske Videnskabers Selskabs Skrifter 1882.) Interessentskabets Bogtrykkeri, Thronhjelm.

- SAOB = *Ordbok över svenska språket*. I-. Utg. av Svenska Akademien. Lund 1898-.
- Sievers, Eduard (1885): "Zur rhythmik des germanischen alliterationsverses". *Beiträge zur Geschichte der deutschen Sprache und Literatur* 10, s. 209–314 og 451–545.
- (1893): *Altgermanische metrik*. (Sammlung kurzer Grammatiken germanischer Dialekte. Ergänzungsreihe 2.) Max Niemeyer, Halle.
- Skj.* = *Den norsk-islandske skjaldedigtning*. Utg. Finnur Jónsson. 1–2. A. *Tekst efter håndskriftterne*. B. *Rettet tekst*. Gyldendalske Boghandel / Nordisk Forlag, København – Kristiania, 1912–15.
- Skomedal, Trygve (1980): "Synkope, omlyd og bryting i nordisk". Even Hovdhaugen (red.), *The Nordic Languages and Modern Linguistics. Proceedings of the Fourth International Conference of Nordic and General Linguistics in Oslo 1980*, Universitetsforlaget, Oslo – Bergen – Tromsø, s. 120–139.
- SkP* = *Skaldic Poetry of the Scandinavian Middle Ages*. I–IX. Brepols, Turnhout, 2007-.
- SnE = *Edda Snorra Sturlusonar / Edda Snorronis Sturlæi*. Sumptibus Legati Arnarnamagnæani, Hafniæ, 1848–87.
- SOL = *Svenskt ortnamnslexikon*. Red. Mats Wahlberg. Språk- och folkminnesinstitutet, Uppsala, 2003.
- Strid, Jan Paul (1981): *Nären, Njärven och Njurhulten. Studier över en grupp svenska sjönamn och därmed sambhöriga ord i nordiska språk*. (Acta Universitatis Stockholmiensis. New Series 15.) Almqvist & Wiksell International, Stockholm.
- Söderberg, Sven (1879): *Forngutnisk ljudlära*. (Aftryck ur Lunds universitets årskrift tom. XV.) Fr. Berlings Boktryckeri och Stilgjuteri, Lund.
- Tamm, Fredr[ik] (1890–1905): *Etymologisk svensk ordbok*. I. Akademiska Boktryckeriet, Uppsala.
- Thorkelsson, Jón (1913): *Anmärkninger til Job. Fritzners Ordbog over det gamle norske Sprog*. Sigfús Eymundssons Boghandel, Reykjavík.
- Tjäder, Börje (1982): [Melding av] Jan Paul Strid: *Nären, Njärven och Njurhulten. Studier över en grupp svenska sjönamn och därmed sambhöriga ord i nordiska språk*. Stockholm 1981. *Namn och bygd* 70, s. 186–192.
- Torp, Alf (1909): "Gamalnorsk ordavledning". Marius Hægstad og Alf Torp: *Gamalnorsk ordbok med nynorsk tyding*, Det Norske Samlaget, Kristiania, s. xxviii–lxxi.
- (1919): *Nynorsk etymologisk ordbok*. Aschehoug, Kristiania.
- de Vries, Jan 1962: *Altnordisches etymologisches Wörterbuch*. Zweite verbesserte Auflage. E. J. Brill, Leiden.
- Vågslid, Eivind (1958): *Stadnamntydingar*. Eigin utgjevnad, Eidsvoll.
- Whaley, Diana (1998): *The Poetry of Arnórr jarlaskáld. An Edition and Study*. (Westfield Publications in Medieval Studies 8.) Brepols, Turnhout.
- Aasen, Ivar (1873): *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. P. T. Mallings Boghandel, Christiania.